

## **Referat frå fylkesårsmøtet i Hordaland Senterungdom**

**fredag 4. oktober og laurdag 5. oktober på Sp-kontoret i Neumannsgate 15 i Bergen**

### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste er godkjent utan merknader

### **2. Valg av møtefunksjonærer**

Alexander Fosse Andersen som ordstyrar og Anne Ljones som referent

### **3. Leders tale**

Valet i år var ein nedtur. Me hadde gode talarar og debattantar, men mangla den gode saka. Lot Høgre og resten av dei borgarlege få holde "standup" i for stor grad og dei stal dermed showet. Alt tyder på at det er våre kjernesaker er dei som står i fare no når den nye blå-blå regjeringa trer i kraft. Tvangssamanslåing av kommunar, eit dårlegare tenestetilbod og dårlegare vilkår for drift av landbruket.

I byområda hadde me tent på å snakke med folk om fattigdom i Noreg. Ikkje snakka satsar og store ord, men må finna løysinga. Løysinga er arbeid.

Alexander takkar for seg som senterungdom og går over i Senterpartiet, mens han fortsatt har eit brennande hjarta for senterungdomen.

Erlend trekk sitt kandidatur som leiar, og støttar den instillinga som forelegg.

Hans Inge takkar for støtta frå Erlend og innstillinga frå valnemnda.

Småprat rundt bordet. Analyse rundt valet og saker i tida som kjem.

### **4. Årsmelding 2012 - 2013**

Alexander oppsummerer årsmeldinga med særleg fokus på valkampen og forbettringspotensiale.

### **5. Politisk innledning**

Saka blir tatt under fråsegner

### **6. Arbeidsplan 2013 - 2104**

Erlend innleier om arbeidsplanen.

Dele opp arbeidsplanen. Datoplan ligg som arbeidsdokument for fylkesstyret og arbeidsplanen over ligg meir som eit styrande dokument som årsmøtet har vedteke.  
Mykje som skal skje i april og mai, då det er eksamensperiode.  
Arbeidsplanen treng nokre endringar, noko som ikkje er like relevant i dag.  
Ikkje vera fullt så ambisiøs før jul, vanskelig å få til i eksamensperiodene.

Vanskelig å planlegge skoleringer til neste valkamp no fordi det er mykje som enno er uklårt.  
Styrka samarbeidet mellom Hordaland og Rogaland. Få til eit felles styremøte i perioden.  
Bra at det satsa på sosiale opplegg.

Lokallag: burde hatt eit lokallag på Voss. Sunnhordaland må me også få starta opp igjen.  
Kjem politisk veke til våren også. Kan vera vanskeleg å få innpass på skulane utanom denne veka.  
Samarbeide med LO ungdom og andre politiske lokallag som er i interessante og relevante for oss.

#### **Forslag til vedtak:**

Årsmøtet vedtek arbeidsplanen med endringane som er nemnt over, og lar fylkesstyret gjera endringar gjennom året etter som dei ser det høveleg.

**Forslaget er einstemmig vedteke.**

#### **7. Innkomne saker**

Fått førespurnad frå Fagforbundet ungdom som vil komme på eit styremøte. Årsmøtet stiller seg positiv til dette.

#### **8. Økonomi**

Hadde utgangspunktet i ein stram økonomi i foregåande perioden. Ved regnskapsslutt i 2012 hadde me kr 247 417,79. Pr. dags dato har me kr 313 248,29.

Lokallaga bruker av fylkeslaget sin konto og får midler til det dei treng.  
Statusrapport blir deltbut til deltakarane på møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

I år vedtek fylkesstyret i samarbeid med fylkessekretær budsjett for kalenderåret 2014. Frå årsmøtet i 2014 skal årsmøtet vedta budsjett for neste kalenderår der det også skal føreligge førebels rekneskap.

Årsmøtet tek førebels rekneskap til vitande. **Forslaga er samrøystes vedteke.**

## 9. Val

Skrivar refererer innstillinga. Alle lokallag kan stille med ein representant på fylkesstyremøte.

Flg. val vart gjort:

- Nytt fylkesstyre

Leiar: Hans Inge Myrvold

Politisk nestleiar: Erlend Johan Myrhaug

Organisatorisk nestleiar: Petter Wilhelmsen

Styremedlemr: Anna Dybwad Alstad, Marte Nesheim og Torbjørn Bergwitz Lauen

Varamedlemmar: Per Martin Sandtrøen og Sindre Nordlund Vatnehol

Kommentar til innstilling: neste fylkesstyre bør ha ein betre kjønnsfordeling.

**Årsmøtet stemmer over nytt fylkesstyre i blokk. Fylkesstyret er samrøystes vedteke.**

- Revisor

Ove Sverre Bjørdal legges fram som kandidat.

**Ove Sverre er einstemmig vedteke.**

- Utsendinger til landsmøtet

Alexander, Erlend, Anna, Petter og Hans Inge reiser frå styret. Anne frå Kvam senterungdom,

Marte frå Bergen Senterstud og Geir frå Bergen Senterungdom. Heine som observatør.

- Valkomité

Fylkesstyret sett ned valkomiteen. Alexander stiller seg disponibel til å vera med i valkomiteen.

## 10. Uttalelser

Erlend:

"Nei til hvitvasking av skitne penger"

Erlend presenterer fråsegna. Handlar om skatteparadis. Senterungdommen meiner Noreg skal vera ein aktiv pådrivar mot skatteparadis.

**Årsmøtet vedtek fråsegna med endringar knytta til tiltak og formuleringar i fråsegna.**

"Styrk helsevesenet, styrkt helseforetaka"

Erlend presenterer fråsegna som handlar om helseføretaka og markedsstenkinga i helsevesenet.

**Årsmøtet vedtek å oversenda fråsegna til fylkesstyret for behandling.**

"Bydelene er byen"

Erlend presenterer fråsegna. Handlar om lokaldemokratiet i byane. Vil ha bydelsutval i Bergen.

**Årsmøtet vedtek fråsegna med endringar.**

Per Martin:

"Omskjæring av gutter"

Alexander presenterer fråsegna. Handlar om å gjera omskjæring av gutar ulovleg.

**Fråsegna oversendes til fylkesstyret for ein breiare handsaming.**

Torbjørn:

"Like vilkår i frivillig sektor"

Torbjørn presenterer fråsegna. Den handlar om like vilkår for momskompensasjon både for frivillig sektor og idretten.

**Årsmøtet vedtek fråsegna utan endringar.**

Samarbeid mellom årsmøtedeltakarane:

"Ja til religionsforståelse"

**Årsmøte vedtek fråsegna.**

"Ja til lyntog"

**Årsmøte vedtek fråsegna.**

"Bytog - eit supplement til bybanen Fylkesstyret avgjer korleis fråsegnene skal behandlast vidare.

Anne Ljones, referent

**Vedlegg:**

Vedtekne resolusjonar

"

**Årsmøtet vedtek fråsegna.** Fylkesstyret avgjer korleis fråsegnene skal behandlast vidare.

Anne Ljones, referent

**Vedlegg:**

Vedtekne resolusjonar